

Ref nr:

Saknr: 03/3679

Dato:

U. off. §5, 1. ledd.

**VEDTAK OM SAMANSLUTNING AV ØLEN KOMMUNE OG VINDAFJORD  
KOMMUNE, ROGALAND FYLKE**

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

Med heimel i Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser av 15. juni 2001 (inndelingslova), vedtek Kongen samanslutning av Ølen kommune og Vindafjord kommune i Rogaland fylke med verknad frå 1. januar 2006. Namnet på den nye kommunen skal vere Vindafjord kommune. Det vert fastsett reglar og gjort unntak fra vallov, kommunelov og einskilde særlover i samsvar med vedlagde forslag.

Departementet legg med dette fram ei sak om vedtak og iverksetting av samanslutning av Ølen og Vindafjord kommunar i Rogaland fylke til ein kommune.

Lov av 15. juni 2001 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 4 gir Kongen mynde til å gjere vedtak om samanslutning når kommunane saken gjeld har slutta seg til forslaget om samanslutning. § 17 i inndelingslova gir Kongen mynde til å gi nærare reglar for å sikre gjennomføring av vedtak om samanslutning. Kongen kan også når det er nødvendig for å gjennomføre vedtak om samanslutning, gjere unntak fra gjeldande reglar i lov eller forskrift.

*Vedtaka fatta i Ølen og Vindafjord kommunestyre og Rogaland fylkesting*

Ølen og Vindafjord kommunestyre vedtok 18.03.2003 at kommunane skal slutte seg saman til ein kommune. Ølen kommune har 3 354 innbyggjarar, mens Vindafjord kommune har 4 776 innbyggjarar. Før kommunestyrebehandlinga vart det heldt rådgjevande folkerøysting i kommunane om samanslutningsspørsmålet. Resultatet av folkerøystinga gav eit knapt flertall for samanslutning.

Fylkesmannen i Rogaland leia 18.03.2003 eit felles kommunestyremøte med dei to kommunane der sakene nemnde i § 25 i inndelingsloven vart drøfta. Same dato vart det vedtatt i dei to kommunestyra at kommunane skal slutte seg saman med virkning frå 1.1.2006, og at namnet på den nye kommunen bør vere Vindafjord kommune. Kommunesenteret i den nye kommunen vert Ølen. Kommunestyra i Ølen og Vindafjord vedtok også at det nye kommunestyret skal ha 33 medlemmer, og at val av nytt kommunestyre vert halde samstundes med stortingsvalet hausten 2005. Den nye

kommunen skal også ha direkte val av ordfører.

Inndelingslova § 9 gir fylkestinget rett til å uttale seg i saker som gjeld samanslutning. Fylkestinget i Rogaland vedtok 30.09.03 å støtte forslaget om samanslutning av Ølen og Vindafjord kommunar.

#### Merknader frå departementet:

##### *Tidspunkt for samanslutninga*

I tråd med kommunestyrevedtaka i Ølen og Vindafjord kommunar av 18.03.2003, vil departementet foreslå at kommunane sluttar seg saman frå 01.01.2006.

##### *Namnet på den nye kommunen*

Etter kommunelove § 3 nr. 3 er det Kongen som vedtar endring i kommunen sitt namn. Når det gjelder namnet på den nye kommunen, er det vedteke i kommunestyremøta 18.03.2003 at Vindafjord skal vere namnet på den nye kommunen. Departementet foreslår difor at namnet på den nye kommunen skal vere Vindafjord.

##### *Tal på representantar i kommunestyret*

Kommunestyra har 18.03.03 foreslått at det nye kommunestyret får 33 medlemar. Departementet vil difor foreslå at talet på representantar blir 33.

##### *Kommunestyreval*

Det vert halde nytt kommunestyreval samstundes med stortingsvalet hausten 2005.

##### *Funksjonsperiode*

Funksjonsperioden for kommunestyra i Vindafjord og Ølen kommunar vert fram til 31.12.2005.

Funksjonsperioden til fellesnemnda opphøyrer når kommunestyre for den nye eininga er valt.

##### *Forsøk med direkte val av ordfører*

Ølen kommune har vore med i forsøk med direkte val av ordfører sidan 2003. Kommunen har forsøk med direkte val av ordfører kombinert med endra mynde for ordfører. Forsøket med direkte val av ordfører i Ølen kommune opphøyrer når samanslutninga vert sett i verk frå 1.1.2006.

Ølen og Vindafjord kommunar har 18.03.03 vedteke at den nye kommunen skal ha direkte val av ordfører. Departementet må ha ny søknad vedlagt forskrifter for forsøket i god tid før valet i 2005. Forsøksperioden vil då verte fram til neste lokalvalg i 2007, det vil seie to år.

##### *Kommunale vedtekter og planar*

Det nye kommunestyret må vedta alminnelige/vanlege?? vedtekter, forskrifter og planar, med unntak av arealplan, for kommunen og eventuelt få desse godkjende på vanleg måte. I dei tilfella der det ikkje er vedteke nye forskrifter før 1. januar 2006, vert det gitt ein særskild regel. Denne regelen inneber at dei alminnelige vedtektene som i dag gjeld i Ølen og Vindafjord kommunar fortsatt skal gjelde for vedkomande område innan den nye kommunen, til nye felles vedtekter får verknad. Departementet foreslår at fristen for å fastsetje nye vedtekter vert sett til 30. juni 2005, jf. inndelingslova § 13. Kommuneplanane etter plan- og bygningslova § 20-1 gjeld til det nye kommunestyret har vedteke ein plan for den nye kommunen.

### *Representasjon etter kirkelovgivninga*

Nytt kirkeleg fellesråd for den nye kommunen skal velgjast på vanleg måte med verknad fra 1. januar 2006. Menighetsrådet i Ølen kommune vel berre eit menighetsrådsmedlem med varamedlem til det nye kirkelege fellesrådet.

### *Fellesnemnd - funksjonar og samansetjing*

Etter § 26 i inndelingslova skal det opprettast ei fellesnemnd for å samordne og førebu samanslutninga av kommunane. Nemnda skal samansetjast slik at ho speglar av innbyggjartalet i dei einskilde kommunane, men det skal likevel vere minimum 5 medlemar frå kvar kommune med i nemnda.

I tråd med kommunestyrevedtaka i Ølen og Vindafjord kommunar 18.03.03 foreslår departementet at medlemane i formannskapa utgjer fellesnemnda. Dette inneber at Vindafjord kommune vil vere representert i fellesnemnda med 7 medlemar medan Ølen kommune vil vere representert med 5 medlemar.

Fellesnemnda skal ha dei funksjonane den er gitt etter § 26 i inndelingslova.

### *Val av revisjonseining*

Haugaland kommunerevisjon skal vere revisor for den nye kommunen inntil noko anna er vedteke av det nye kommunestyret.

### *Høyring*

Ukast til kgl. resolusjon har vore lagt fram for alle departementa.

Kommunal- og regionaldepartementet